



Til Statsforvaltaren

Søknad om løyve til søndagsopen butikk – Marked Sandsøy (1. juni–31. august)

Vi viser til heilagdagslova § 5 og § 6, og ønskjer med dette å søkje om løyve til å halde Marked Sandsøy open på søndagar i perioden 1. juni til 31. august.

Marked Sandsøy er ein lokal daglegvarebutikk som tener både fastbuande og tilreisande. I sommarsesongen er det ein betydeleg auke i talet på turistar og fritidsbuande i området, og tilgjenge til daglegvarer i helgene er av stor betydning for både kundar og lokalsamfunn. På øyna har vi hotellet Rosenlund hamn, her kjem det også båt turistar innom. Det er store satsingar på øya, der fleirbrukshall med buldrevegg, klatrevekk, padeltennis og golfsimulator er planlagt ferdigstilt til sommaren. Vi har Dollsteinhola, 7 toppstur og voksa kultursenter som er populære. Av større arrangement denne sommaren so veit vi om: Kom heim helg i juni, Kong Arthur spelet, og det er 40års jubileum til Sølvtrans.

Butikken er på søndagar planlagt drive som ein sjølvbetjent, digital butikk, der kundar får tilgang via elektronisk innlogging ved appen coopkey, samt gjesteløysing via sms. Det vil ikkje vere personale til stades, og salet skjer utan bemanning. Løysinga er etablert med nødvendige tryggleiks- og kontrollsystem, og drifta vil vere i samsvar med gjeldande regelverk.

Omsetnaden i sommarmånadene er avgjerande for den samla økonomien i butikken. Inntektene i denne perioden bidreg vesentleg til å sikre vidare drift gjennom resten av året, og dermed også til å oppretthalde eit lokalt handelstilbod i eit område med avgrensa servicetilbod. I 2025 hadde butikken ein omsetning på 623 000 i januar mens 1 388 000 i juli. Samanligner man omsetnaden i Q1 på 1 981 011 mot juni-juli-august på 3 156 507, så er det ein auke på 59,34%. Samanligner man de 12 vekene i året med minst omsetnad 1 610 461 så er det ein auke på 96%.

Vi meiner at søndagsopen butikk i denne avgrensa perioden vil vere i tråd med formålet i regelverket, og at omsynet til turistnæring, lokal verdiskaping og tilgjenge til nødvendige varer talar for å innvilge søknaden.

Vi håpar Statsforvaltaren finn grunnlag for å gje løyve til søndagsopen butikk i den omsøkte perioden. Dersom det er behov for ytterlegare opplysningar eller dokumentasjon, stiller vi gjerne opp.

Med venleg helsing

Anna Kirsti Skaare

Annakirsti Skare

Butikksjef Marked Sandsøy

Org nr 942 763 654

Coop Nordvest SA